

Til

Foreiningar i Normisjon,

Kontaktpersonar

Regionstyret i Acta,

Direktemedlemar i Normisjon region Sogn og Fjordane Sandane: 19.3.24

HJARTELEG VELKOMMEN TIL

Regionårsmøte på Nordfjord Folkehøgskule, Vereide 20.4.2024

Det er ei glede å invitere til årsmøte på Nordfjord Folkehøgskule, som hadde 100-års jubileum i fjor.

Med oss får vi Marit Berling som er skuleutviklar i Normisjon i Norge. I tillegg skal vi høyre om korleis Møtepunkt B kom til. Og det vert lokale sang- og musikk-krefter som bidreg.

Vi håpar dette vert ein dag til inspirasjon og oppmuntring.

Alle årsmøtepapira er ikkje klare endå, dei vert ettersendt innan fristen.

Følg og med på nettsida vår: normisjon.no/sof for påmelding og oppdatert informasjon.

Vi gjer merksam på at årsmeldingar og rekneskap ikkje vert opplesne i si heilheit på årsmøtet. Vi bed alle utsendingar om å lese desse på førehand og førebu eventuelle spørsmål/kommentarar.

Om stemmerett til direktemedlemar og utsendingar frå foreiningane, sjå eige fullmaktsskjema vedlagt.

Påmelding skjer innan 15.april her via [påmeldingsskjema på nett](#) . Der vert høve til å bestille både lunsj og middag. Har du spørsmål til påmelding? Send epost til: styreleiar.sof@normisjon.no

Vel møtt til alle!

Med helsing, for regionstyret

John Olav Hoddevik

Styreleiar

John Bjarne Geithus

Nestleiar